

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1973

Navnet på vatnet Nessavatnet
Kommune Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Rogal-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

N E S S A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 19.sept. 1973.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærmere stadfest nord-aust for Nessa, og grensar i nord-vest for ein del etter vegen mellom Nessa og Staurland.

Arealet er omlag 22 ha. og h.o.h. 44 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er grunn til å tru at det er eit djupt vatn, men med store, meir grunnlendte partier nær land. Stranda består for det meste av stein som går over til gjermebotn mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, flotgras, moser, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om mykje kulturbeiter, men og ein del skogs-mark i nord-aust. Her veks naturskog av furu.

Det største bekketilsiget fell inn på nordsida og bortsett frå dette fell der inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i vest og går til sjøen ved Nessa.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul. Dette indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 6.6 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.5 mg/l og den totale hardheita 5.8 mg/l.

Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 47.3 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstremminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprever på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 5 muslingar, 1 vårflugelarve og 1 fjærmygg-larve - tilsvarande 70 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 1 fjærmygglarve og 1 musling - i alt 20 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner etter dette at det er lite med botndyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne luftinnsekter, planterester, plankton og stingsild. Det var stingsilda som dominerte i alle fiskane.


Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50,0 m, med planktonhov, og resultatet var ein medels rik prøve.


Fisk m.v.

Fiske slaga utgjer aure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 45 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut,



Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske fram-syninga.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 15 røde og 10 lys-røde i kjøttfargen.

Vidare var det 10 hofiskar og 15 hanfiskar.


8 av prøvefiskane var angripne av parasittar (måkemark).

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter							
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år	8år
Medellengde i cm	4,5	9,5	16,0	21,9	25,9	29,4	33,2	33,5
Årleg lengdetilv. i cm	4,5	5,0	6,5	5,9	4,0	3,5	3,8	0,3
Antall fiskar	25	25	25	25	19	4	3	1

Medel kondisjonsfaktor = 1,08 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Nessavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, syner fisken i Nessavatnet ein god lengdetilvekst og ligg stort sett over normalen fram til 6 års alder. Fisken går mot ei maksimallengd på snaut 40 cm og det må seiast å vera bra.



Nå vil det sjølv sagt finnast ein del fisk som er vesentleg sterre enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Nessavatnet er eit relativt næringsrikt fiskevatn og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva i vatnet er gode, men botnprøvene gir uttrykk

for at næringsdyra er sterkt nedåtbeita.

Omfarfordininga, saman med cm-klassseinndelinga, syner at fisk av ymse årgangar og storleiker er representert, sjølv om det er småfisken som dominerer.

Det er som kjent nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein fredig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Nessavatnet er bra i så måte. På grunn av tilsigma frå dei ymse kulturbeitene her, vil verdfulle næringsstoff bli tilført vatnet, og koma fiskeproduksjonen til gode.

Fisken vi fekk var av mykje god kvalitet, men ein kunne med fordel intensivere fisket noko i åra framover. 32 % av prevefiskane våre var meir eller mindre angripne av parasittar og det er ofte ein indikator på, at fiskebestandet er i overkant av det næringstilhøva tilseier. Vidare var botndyra hardt skatta.

Gytetilhøva for fisken i Nessavatnet er därlege, men etter som det ser ut, er dei gode nok for å sikre ei tilfredstilende rekruttering.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Strakst grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Nessavatnet er eit godt sportsfishevatn, som vil gi grunneigarane innkomer ved fiskekortsal. Vatnet ligg lageleg til på alle vis, og byd på mykje brukbar fisk, så det var sikkert ikkje få som ville ta turen hertil for å prøve fiskelukka. Vidare må ein gjere sitt beste for å halde måken borte frå vatnet. Dette er ingen lett oppgåve, men vi skal hugse at det er den måken som har fast tilhald ved vatnet, og som gjerne hekkar i nærlieiken, som er den mest farlege. Måke som kjem ein snarvisitt inn frå sjøen er meir ufarleg.

Fører sportsfisket til, at fiskebestandet blir noko redusert, skulle det førebels ikkje vera naudsynleg med andre tiltak.

Då vatnet er såpass lite og oversikteleg, vil grunneigarane sjølv, ved hjelp av garnfiske kunna føre fiskebestandet til det nivå dei sjølv ynskjer.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å starte opp eit grunneigarlag og det var ynskjeleg om grunneigarane kunne gå inn for dette. På denne måten vil ein kunne utnytte vatnet på ein god måte og grunneigarane vil få innkomer av fiskekortsalet. Nessavatnet er litt av ei perle, så flest mogeleg må få hove til å ta ein tur med fiskestanga si her.

Stavanger 27/2 1974

Einar Berg